



Arkivnr: 2016/2297-1

Saksbehandlar: Bjarte Molvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		10.03.2016
Fylkesutvalet		17.03.2016

## Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren – budsjettfordeling nr. 1 – 2016

### Samandrag

I budsjettet for 2016 er det løyvd 100 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd 20 million kroner til prosjekt knytt til universell utforming, 26 million kroner til prosjekt ved Os vgs og 4 million kroner til ombygging på Stend.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2016 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 646.020.00	02301	02139	Os vgs.–Sveise og haudaulikkverkstad	26 000 000	
10 658.020.00	02301	02151	Stend vgs. – Endra bruk dyreklinikk	4 000 000	
10 777.025.00	02301	00208	Universell utforming	20 000 000	
10 777.021.00	02301	03000	Rehab/ombygg./tilbygg		50 000 000
				50 000 000	50 000 000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad  
eigedomsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.02.2016****Innleiing**

I budsjettet for 2016 er det løyvd 100 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Skulebruksplanen er for tida under rullering og det er forsøkt tatt hensyn til ved prioriteringa som vert foreslått i denne saka. I denne saka rår ein til at det vert gjeve løyving til følgjande tre prosjekt.

**Os vgs – Ny sveise og hydraulikkverkstad**

Det er tidlegare i fu-sak 114/2015 løyvd 4 million kroner til prosjektering, planlegging og mindre tiltak i terreng. Bakgrunnen for at prosjektet vart starta var pålegg frå arbeidstilsynet med krav om anna løysing for sveiseopplæringa ved skulen. Eksisterande hydraulikkverkstad ved skolen har vidare ei utforming som ikkje tilfredstiller nye krav til høgdar og ventilasjon. I saka i 2015 vart det og vist til at skulen hadde behov for auka verkstadlokale og at det var behov for nybygg.

Det er nå innhenta anbod på bygging av nytt sveise- og hydraulikkverkstad samt ombygging av eksisterande maskinverkstad. Basert på innhenta anbud legg ein til grunn at prosjektet vil ha ein samla kostnad på 30 million kroner. Ein rår til prosjektet vert fullfinansiert innanfor rammeløyvinga i 2016, og at det vert løyvd 26 million kroner til prosjektet.

**Stend vidaregåande skule - endra bruk av tidlegare dyreklinikk.**

Ved Stend vidaregåande skule er det frigjort lokale som skulen kan nytta, etter at dyreklinikken er flytta ut. Skulen har i dag garderoabar for uteaktivitetar i dårlege brakker som skal sanerast. Frå hausten skal skulen også tilby utdanningsprogrammet Service og samferdsel. Dette krev mellom anna fleire garderoabar.

Underetasjen i tidlegare dyreklinikk har lav takhøgd, men er godt egna til garderoabar med dusjanlegg og toalett. I kjellar i hovudbygget er det i dag eit vaskeri som mellom anna aktiviserer elevar frå «tilrettelagt opplæring». Desse lokala er lite eigna både til vaskeri og til undervisning for nemnde elevar. Det er derfor eit ønskje å flytta dette vaskeriet til hovudetasjen i «dyreklinikken». Det er også planlagt å byggja eit mindre grupperom for undervisning i same etasjen.

Det er utarbeid brannrapport som syner at enkelte utbetringar må gjerast, blant anna å sikra trygg rømming frå bygget. Dette er tatt med i kalkylen. Basert på kalkyle er kostnadane for ombygging/rehabilitering rekna til kr 4.000.000,-, og ein rår til at prosjektet vert prioritert innanfor rammeløyvinga for 2016.

**Universell utforming**

Gjeldande samleprosjekt knytt til utbetring av universell utforming har pågått sidan 2013. Samla er det løyvd 77 million kroner til prosjektet ved årsskifte 2015/2016. Av pågåande prosjekt var det i hovudsak prosjekt ved Stord vgs og ved Norheimsund vgs. som ikkje var fullførte. Ein rår til at det for i denne omgang vert løyvd midlar til å halde fram med dei to prosjekta samt til å dekkje eit meirforbruk som prosjektet hadde ved årsskifte. Meirforbruket ved årsskifte skuldast mellom anna større framdrift enn forutsett og at ein for fleire av prosjekt har utvida arbeidet med utbetring av universell utforming til også å omfatte andre mindre bygningsrelaterte utbetringar / oppgraderingar. Samla kostnad med å fullføre pågåande prosjekt er pt. ikkje klar men ein rår til at det no vert løyvd 20 million kroner til prosjektet frå rammeløyvinga i 2016.